



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2018

Aktiviteten i løa var høg også i 2018, men det var noko nedgang i talet på dagar med betalt utleige i forhold til tidlegare år. Privatpersonar og verksemdar betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Servicetorget i Hå kommune har me fått opplyst at det i 2018 har vore 68 dagar med betalt leige av løa, og løa har vore nytta til arrangement med gratis utlån 330 gonger. Servicetorget administrerer utleige og utlån av løa. Vennelaget er svært nøgde kommunen si administrering av løa og har jamlege møter med Servicetorget om drifta av løa. I 2018 har det vore 3 slike møter.

Vennelaget har støtta kommunen med praktisk arbeid på løa og innkjøp av m.a. lys-lenker oppe i løa. Dugnaden i april vart også i år utført i samarbeid med «Språksprell». «Språksprell» er ei blanda gruppe av innvandrarak og etablerte Varhaugsbuar. Stolar, krakkar, bord og varmpumper vart reingjorde, vegger vart kalka og siloen vart grundig vaska. Inventaret til kjøkkenet vart sjekka og etterbestilt.

Kommunen har ferdigstilt bygging av heis i nordre bryst på løa. Vennelaget vil måla heis og nordre vegg på løa til våren. Byggkomitéen har gitt innspel til planane for det budsjetterte arbeidet med montering av sprinklaranlegg oppe og nede i løa, slik at sprinklaranlegget kan verta best mogleg tilpassa løa som historisk kulturbygg. Hå kommune vil skaffa oversikt over attverande midlar på budsjettet før dei set i gang arbeidet med montering av dette.

Lunsjtreff-komitéeen i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden gjennom våren og hausten, totalt 13 gonger. Talet på deltakarar har stort sett vore rundt 25-30.

Det har vore arrangert 10 «Kultur i Løå» tilstellingar i 2018; konsertar, føredrag, nasjonalfest, kunstutstilling og jonsokfeiring, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéeen. Etter kunstutstillinga fekk Vennelaget eit bilete i gåve av Odd Dubland, som var ein av utstillarane.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa.

Styret i Vennelaget har hatt 7 styremøte i 2018.

Medlemstalet i Vennelaget er no 331.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår;
www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også
til facebook-sida «Kultur i Løå». 828 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Geir Egil Rosland, nestleiar
Ruth Kristensen, sekretær
Odd Einervoll, kasserar
Margunn Skretting, styremedlem
Astrid Skretting, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Frank Håland
Renate Tråsavik
Karin Skrettingland
Anne Mette Tunheim

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Kjellaug Aanestad Varhaug
Liv Reiestad
Benny Berge

Sverre Kartevoll
Irene Bratland
Myrtle Tjemsland
Liv Tone Stueland

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Eldar Odland
Kristin Nord-Varhaug
Tom Magne Ueland

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)